



Med Olav Sletto i Den kulturelle skolesekken -

barn teiknar og fortel fritt frå Per Gjetar og andre Sletto-fortellingar

Arne Skogheim -

OLVER-BØKENE – eit åndshistorisk tidsbilete.
(... mi leseoppleving)

Jørn Øyrehagen Sunde -

om verdigheit

Sander Lilleslett -

Olav Slettos dikting og mine møter med forfattaren

ÅRSHEFTE 2016
Olav Sletto-selskapet

ÅRSHEFTE 2016

Innhald

Forord

1. Arne Skogheim – Magne Myhren – minneord s. 1.
2. Med Olav Sletto i Den kulturelle skolesekken –
elevar ved Hovet skole teiknar og fortel s. 2.
3. Arne Skogheim - OLVER-BØKENE – eit åndshistorisk tidsbilete.
I serien "Mi leseoppleving" s. 4.
4. Jørn Øyrehagen Sunde – om verdigheit. Samandrag. s. 17.
5. Sander Lilleslett - Olav Slettos diktning og mine møter med forfattaren. s. 23.
6. Dette er Olav Sletto-selskapet s. 29.

FORORD

Magne Myhren, medlem av Olav Sletto-selskapet sidan starten og ein ivrig bidragsytar til selskapet, gjekk bort i mai 2015. Arne Skogheim har skrive minneord.

I Olav Sletto-selskapets årshefte 2016 presenterer vi stoff som gir breidare og djupare kjennskap til forfattaren og mennesket Olav Sletto.

Elevar i 3. og 4. klasse ved m.a. Hovet skole arbeidde våren 2015 med eit opplegg som styremedlem Maria Søndrål laga for Den kulturelle skolesekken i Hol. Her viser vi nokre av fortellingane og teikningar barna laga. Olav Sletto-selskapet set stor pris på at Olav Sletto og hans dikting blir vidareført i Den kulturelle skolesekken ved Hallingskarvet skole i Hol. Ein spesiell takk til barna for deira bidrag.

Arne Skogheim las, på oppmoding frå Olav Sletto-selskapet, opp att alle Olverbøkene, Olav Slettos sjølvbiografi i seks bind. Han presenterte sin lesnad i eit foredrag til årsmøtet 2015. Artikkelen i dette heftet kan lesast som eit ledd i serien "Mi leseoppleving", som Olav Sletto-selskapet starta i årsheftet 2014.

15. september 2015 vitja professor Jørn Øyrehagen Sunde Gol vidaregående skole med eit foredrag om verdigheit, basert på boka om Anne Jensdotter Sletto. 200 syttenåringar lytta intenst og applauderte begeistra det dei høyrde og for sjølv framføringa. Eva Almhjell gir eit samandrag av forelesinga.

I si tid lærar og rektor ved Hallingdal folkehøgskule, Sander Lilleslett, tala i 1980 om Olav Slettos dikting og sine møter med forfattaren. Høvet var ein kulturkveld ved Gol gymnas, som det heitte den gongen. Også dette er eit bidrag til å utdjupe kunnskapen om Olav Sletto.

Styret legg føremåla for Olav Sletto-selskapet til grunn for sitt arbeid. Årsmøtet 2014 støtta dertil ei satsing på kvinnene i Olav Slettos liv og dikting. Satsinga starta i 2015 med ei bok om forfattaren si mor, Anne Jensdotter Sletto. Den held fram i året som kjem, m.a. med fleire artiklar om kvinnene i Olav Slettos liv og dikting. Dette er ein av fleire måtar Olav Sletto-selskapet markerer at det i 2016 er 130 år sidan Olav Sletto vart fødd.

Fleire forskarar har vist interesse for Olav Sletto, og vi håpar 2016 blir starten på ei fornya interesse for Olav Slettos liv og dikting – også i forskinga.

Artiklane i dette heftet er den einskilde sitt ansvar. Styret i Olav Sletto-selskapet takkar for alle bidraga til årsheftet 2016 og for all støtte vi opplever i det daglege arbeidet.

Eva Almhjell
Olav Sletto-selskapet
Tønsberg, januar 2016

1. Magne Myhren – minneord



Foto: Eva Almhjell

Spelemannen, målmannen og språkforskaren Magne Myhren gjekk bort 23. juni 2015. Han var fødd i Skurdalen 3. desember 1937. Etter landsgymnas på Voss og universitetsstudium i Oslo fekk han ei allsidig og omfattande akademisk karriere.

Han var kjend som aktiv hardingfelespelemann med grunnleggjande kjennskap til hallingspelet og var eit kjent namn frå folkemusikkhalvtimen i NRK. I mange år var han knytt til Leksikografisk institutt ved Universitetet i Oslo, der han la ned eit stort arbeid med Nynorsk Ordbok. Han var rekna som ein av dei største kapasitetane på Ivar Aasen, og han var i tillegg svært oppteken av diktinga til Olav Sletto.

Magne var medlem i Olav Sletto-selskapet frå starten i 2001 og var ein aktiv støttespelar for arbeidet i selskapet. Dei som hugsar attende til årsmøtet i 2005, vil minnast Magne Myhren sitt levande og interessante kåseri om ulike sider ved Olav Sletto sin forfatterskap.

Olav Sletto-selskapet vil takka for Magne Myhren sitt engasjement i arbeidet med å fremja interessa for Olav Sletto si dikting.

Arne Skogheim
Olav Sletto-selskapet
Juni 2015

Minneordet var fyrst publisert 3. juli 2015 på www.olavselttoselskapet.no

2. Med Olav Sletto i Den kulturelle skolesekken - elevar ved Hovet skole teiknar og fortel

Hol er ein nasjonalparkkommune med fjell og stølar. Stølane ber med seg ein stor kulturverdi som etter kvart blir framand for nye generasjonar. Olav Sletto gir oss forteljingar frå bardommens eventyr på stølen med gjetargutane Per og Hølgj (Helge).

Den kulturelle skolesekken i Hol kjøpte inn klassesett til dei fire skulane i kommunen. Våren 2015 fekk alle tredje- og fjerde-klassingane nokre norsktimar der målet var å bli kjent med boka Per Gjetar, lære noko om forfattern Olav Sletto og klare å skrive sjølv utfrå den inspirasjonen dei fekk i timen. Per Gjetar er ei redigert utgave av bok nr. tre (av fire bøker) i PER-serien, "Per Stavlang". Boka er redigert av Eva Almhjell, og språket er forsiktig lagt opp til nynorsknormalen av 2012.

Det vart ei fin oppleving, skriv Maria Sønndrål, som laga opplegget som tidlegare lærar ved Hovet skole og medlem i Olav Sletto-selskapets styre. Her har me plukka ut nokre eksempel på elevarbeid frå Hovet skole.

Da guttene møtte ulven

En grå, trist og kald høstdag satt guttene og gjette. Hva er det bak buskene, spurte Helge? Per snudde seg og sa: Helge du fantaserer så mye du! Da sa Helge redd: Jo Per, det er noe stort og grått! Da ble tåken tykkere, og Per sa: Du har rett! ULV, sa de i kor! "Hent alle kuene", sa Per. Ulven kom nærmere og nærmer. Jeg har en idé, sa Per. Vi kaster grus rundt den, så går den vekk. Men selv om det var en god idé, skalv de fortsatt. Kom igjen da, sa Per. De kastet og kastet, men det virket som om ulven trodde det var mat. Da hørte det et stort: "BANG"! Der kom faren til Helge. Reddet for denne gang, sa Per og Helge! Hvordan visste du at vi var i fare, spurte Per? Jeg er magisk sa han. Da begynte de alle å le veldig. Å nei, sier Helge plutselig! Da blir alle helt stille. Og Helge sier forsiktig: "En hel flokk ulver!" Faren til Helge løfter geværet sitt. Nei, roper han, jeg har ikke flere skudd igjen! Da går Per nærmere ulvene og sier: "Ikke ta dyrene våre, vær så snill" sa Per snilt til ulvene. Da gikk ulvene! Det var magisk det, sa Helge! Kom så går vi hjem, sa Helge, og forteller alt til mor.

Laget av Ebba Veronica, 3. kl., Hovet skole.



GUTTENE MØTTE ULVEN

En grå trist og kald høstdag var guttene ute og gjette. De hadde vært ute lenge og nå var de kalde og sultene. Guttene satte seg ned ved en stor stein for å hvile og spise litt. Så merket Per noe som rører seg i buskene. Hva er det for noe? Jeg er redd, sa Per. De de ser inne i buskene er grått og litt brunt. Nå nærmer kua seg. Å nei, kua blir angrepet av en ulv. Kom! Vi må ta alle kuene til stølen til mor. Men Per får en ide. Finn noen kvister fra ei gran så kan vi skremme ulven. Per er veldig redd og han kjenner hjerte dunke fort i brystet! Vi skremmer han på tre. En to tre! Og det gikk, ulven er borte! Nå kan vi gå hjem igjen. Per og Helge forteller ivrig i munnen på hverandre. Storeundra skjønner ingenting og sier at de må snakke en og en. Per forteller at de møtte ulven, men at de greide å skremme den bort og at bare en av kuene ble skadet. Storeundra er stolt over guttene og glad for at ingen av dem ble skadet. Men det var dumt at kua ble angrepet, vi må nok ta og avlive henne. Per er trist på grunn av at det var Per sin yndlingsku.

Skrevet av Vegard, 3. klasse, Hovet skole.

DA PER OG HELGE MØTE ULVEN


Det var en grå, trist og kald høstdag. Guttene satt og hvilte seg ved en stor stein. Da guttene hadde sittet en stund sa Per: "Nei nå må vi komme oss i arbeid. Guttene reiste seg opp og gikk til beitet. Plutselig stoppet Helge. Han så noe i krattet ved siden av. Guttene ble redde og hjertet dunket hardt. Per og Helge løper og gjemmer seg bak den store steinen da de ser at buskene åpner seg. Guttene finner hver sin stakk og står klare. Plutselig hopper det en grå skikkelse fram. Den tar til sprang og Per og Helge bykser fram og slår til skikkelsen med stakkene. De står foran skikkelsen og ser at det er en ulv. Ulven hopper fram og biter Per i armen. Per har et digert sår på armen og har veldig vondt. De løper og deler seg. Ulven løper etter Per, men Helge har en plan. Han setter opp en felle for ulven. Helge henter Per og får ulven etter seg og løper mot fellen. Rett før fellen hopper guttene unna og ulven blir hengende i nettet. Guttene slipper fri ulven langt inne i skogen. De går hjem og forteller Storeundra hva som har skjedd. Nå er guttene hjemme og ulven kom aldri tilbake til den gården.

Skrevet av Martin, 4. klasse, Hovet skole.



Vegard

3. OLVER-bøkene – eit åndshistorisk tidsbilete. Mi leseoppleving.



Arne Skogheim var leiar i Olav Sletto-selskapet frå selskapet vart skipa i 2001 til 2012. Han kjenner Olav Slettos litteratur betre enn nokon, og som gut var han læresvein hjå forfattaren.

Artikkelen vart fyrst framført som foredrag til årsmøtet i Olav Sletto-selskapet 10. april 2015. Vi takkar Skogheim for at vi har fått bruke foredraget i dette årsheftet.

Det var meir enn femti år sidan eg hadde lese Olver-bøkene. Den gongen visste eg for lite, både om Olav Sletto, om kulturhistorie og ikkje minst om den livslange kampen Sletto førde mot det han kalla «dei andre», mot dei som både kritiserte og tagde ihel det han hadde skrivne.

I dag veit eg meir om alt dette – difor var det ei stor glede og ei god oppleving å få lesa Olver-bøkene på nytt. Eg skal prøve å gi eit lite bilete av denne opplevinga. Det er viktig å ha i minne koss Olav Sletto sjølv såg på dette bokverket. Han sa det slik: «Olver-bøkene har lite og ingenting med memoarar å gjera, er på ingen måte historikk. Ein kan ikkje dømme um eiga stode utetter, ingen veit kva figur han gjeld for millom andre ... ein skal dermed heller ikkje laga historisk minnebok når ein blir gamal. Det er min grunntanke som eg arbeider etter.»

Sletto meinte han hadde skapt eit nytt slag memoarverk, som var kunstverk samtidig som det gav att sant miljø, situasjonar og personar. Han kallar sjølv Boki um Olver for eit åndshistorisk tidsbilete. Det skulle vera ei åndshistorisk opplevingsbok der Olver berre var eit levande medium.

Olver-bøkene som ånds- og kultur- og litteraturhistorie

Eg les Olver-bøkene på ulike plan. For det fyrste som det Lars Reinton kallar «ånds- og kultur- og litteraturhistorie frå åra etter hundreårs-skiftet», med skarpt teikna portrett av leiande åndsmenneske i heile Norden, til dømes dei danske forfatarane Helge Rode og Sven Lange og ikkje minst den vidgjetne Georg Brandes; svenskane August Strindberg og erkebiskop Nathan Söderblom og den sosialistiske opprøraren Henrichsson. Om denne siste seier Olav Dalgard: «Det portrettet Sletto teiknar av denne svenske opprøraren, er så levande og tidstypisk at ein skal leite vidt i nordisk

litteratur for å finne maken. I det heile er det som treffsikker portrettør Sletto har tatt inn dei fleste poeng i dette memoarverket.»

Olver-bøkene – Olav Slettos prosess for å lære forfattar-handverket

For det andre gir Olver-bøkene eit bilete av vegen Olav Sletto gjekk for å lære sitt handverk som forfattar. Oddvar Stølen hadde møtt Sletto og skreiv ein god artikkel i Hallingdølen i 1954 der forfattaren sitt syn på diktarkunsten kjem godt fram: «Dei fleste diktarane og kritikarane i dag har altfor liten kjennskap til det fundamentale i diktinga. Dei har sett seg for lite inn i dei gamle, store verka og dei har ikkje lese og studert nok. Det er arbeid og studium som må til for å kunne skapa eit verkeleg kunstverk. Det er strenge lover for all kunst, og difor må dikteren sitja inne med ein god del vitskapleg innsikt ... Alt det ein har eigna til seg av kunnskapar, skal vera grunnmuren i diktverket. Det skal liggje som gjødsel i jorda og såleis hjelpe til at verket blir heilstøyppt oppbygd. Diktaren må også lære sitt handverk.» Olav Sletto sitt litteratursyn går att som ein raud tråd gjennom alle fem Olver-bøkene.

Olver-bøkene – eit oppgjør med "Oslo-kritikken"

For det tredje les eg Olver-bøkene som Olav Sletto si eiga forklaring av skapingsakta i sitt tidlege forfattarskap, dei fyrste åtte bøkene fram til «Millom eldar», som kom i 1917, der Olver-bøkene sluttar. Olver-bøkene er også Olav Sletto sitt endelege oppgjør med det han så mange gonger kalla «Oslo-kritikken». Det var denne motsetninga til det han kalla «dei andre», som kom til å prega heile hans forfattarskap. Lars Reinton sa det slik: «Denne motsetninga følgde han frå tidlegaste diktartid til hans livs ende. Det var så å seia noko av hans lagnad, ein lagnad som hadde djupe årsaker, hadde vel og utspring i noko hjå Sletto sjølv, i det som gjorde at han vart det han vart, utan at han var heilt klår over det eller berre delvis var klår over det. Han kjempa mot lagnaden og måtte kjempe mot, men fremja han berre ved det.» Sletto hadde ei urokkeleg overtiding frå fyrste stund: Det er ingen som har større føresetnader for å vurdere dikteren Sletto og diktverka hans enn nettopp Sletto sjølv. Her ligg noko av forklaringa på at diktarlagnaden vart til ein krevjande kamp.

Vegen fram mot kunstnarløn

Ha desse tre plan i minnet når eg no skal freiste å gi eit bilete av dei fem Olver-bøkene. Ber også i minnet den livslange kampen Olav Sletto måtte føra for å oppnå anerkjenning for for arbeidet sitt. Det vil seie, han sjølv kjempa ikkje så mykje, det var andre som gjorde det for han, men gjennom Olver-bøkene fekk han gjeve sterke uttrykk for eigen frustrasjon. Alt i 1917 kom fyrste framlegget i Stortinget om å gi Sletto kunstnarløn. Fretheim og Løvland var for, men det litterære råd fann han ikkje verdig. Olav Sletto har for liten diktargjevnad og bør helst ikkje bli rekna med i skjønnlitteraturen, heitte det i grunngevinga. Me må hugse på at det Sletto til då hadde gjeve ut, var bøkene med religiøst-historisk innhald. Reinton seier det slik: «Desse bøkene var reine utfordringa for Oslo-kritikken. Ein skulle tru at Sletto med vitande og vilje søkte 'døden' i dei krinsane.» «Men eg døydde ikkje av det», sa Sletto. «Dei unge landsmålsfilologane som tok til med bok-kritikk, fann at mine bøker hadde ikkje norsk-nasjonalt miljø – og ansa ikkje mine ting. Sume rekna meg for historikar og ikkje diktar. Og so kom merkelappen 'kristeleg diktar'. Det siste var nesten det verste.»

Tre år etter fyrste vonbrotet, i 1920, skreiv Sletto ein artikkel om det han kalla eit fritt og sjølvstendig Norsk bokmannslag. Han ville at forfattarane sjølve skulle velja ei

nemnd på fem medlemmer direkte. Desse medlemmene skulle vera pliktige til å lesa verka til dei som søkte stipend. Han var ikkje så sikker på at det alltid var tilfelle! Han sa: «Kva hadde vore i vegen for at eg kunne ha teke kjønnslivet til hovudinnhald i mine bøker – eller det sosiale – eller i det heile retta meg etter Oslo-kritikken, og fått dei andre med meg. Berre eitt var i vegen, eg kjende at mi oppgave var av eit heilt anna slag.»

Då Olav Sletto endeleg i 1960 fekk Statens kunstnarløn, etter langvarig kamp og mange vonbrot, var det mange som delte gleda med Sletto og familien. Sjøl arbeidde eg dengong på Sørumsand, der Sletto var ein kjend og kjær person etter tida på folkehøgskulen der. Eg sende sjølvstilt helsing og gratulasjonar, og fekk eit langt brev attende. Sletto hadde ikkje visst at eg hadde havna på Sørumsand som lærar – eg hadde vel gjeve inntrykk av at det var skrivning eg ville drive med og dermed sikta mot ein journalistkarriere. Sletto var glad for at eg hadde vald ein annan veg. «Ein dugande lærar er hundre gonger meir verd enn desse elendige versemakarane som dukkar opp kvar år. Godt at du ikkje havna i eit eller anna blad, for det knekkjer so mang ein mann», skreiv han. Han takka for helsinga og sa det slik: «Eg hadde aldri trudd at 'dei andre' skulle syna meg denne æra, for eg gjekk mine eigne vegar.» Men attende til Olver-bøkene.

”Stabburet” – minnelappar for ei åndeleg utviklingssoge

Minnelappar, som fylte fleire kasser, var grunnlaget for dette bokverket, ei åndeleg utviklingssoge frå barneåra og fram til 1917, då han hadde gjeve ut dei tre fyrste Loke-bøkene. Han kalla oppteikningane, dagbøkene og minnelappane for Stabburet. Frå Stabburet henta han fram det som så vart dei fem Olver-bøkene. Som nemnt meinte Sletto at han hadde skapt eit nytt slag memoarverk, ei tids- og miljøskildring som kalla fram tanke- og kjensleopplevingar i minnespegele, samstundes som det var kunstverk. Han kalla det ei åndshistorisk opplevingsbok.

OLVER I – Boki um Olver

Og slik kan me lesa Olver-bøkene. I fyrste bandet, Boki um Olver, møter me ein gut som me kjenner att frå dei fire Per-bøkene som kom seinare. Heile tre av bøkene fortel om opphaldet i Danmark. «På høgt berg», «Upp bakke og ned dal» og «Under Helgafjell» gir levande skildringar av kunst- og åndsmiljø i København og på folkehøgskulen i Askov, medan siste boka, «Då tedde ei eldborg», handlar om tida etter danmarksopphaldet, den omfattande fordragsverksemda som omreisande talar i Folkeakademiet sin regi, og ikkje minst eit rivande oppgjær med litteraturkritikken og Sletto si oppleving av vegen han måtte gå aleine.

Me må hugse på at Olver V vart skriven i den aller siste fasen av striden om kunstnarløna. Eg kjem attende til den kvasse kritikken i denne boka, men alt i «Boki um Olver», som berre dekkjer tida fram til 1908, syner haldninga til dei som kalla seg litteraturkritikarar, seg. Då Olver planla si fyrste bok, sto emnevalet mellom det bibelske motivet frå fyrste Mosebok om trælkinna Hagar og hennar son Ismael – og ei skildring av to gamle kårfolk i eit miljø som Sletto kjende ut og inn. Han valde dei gamle i kårstugun, og grunngevinga var på ein måte stikk i strid med det Sletto gav seg inn på etter debutboka «Dei gamle». Han skriv slik: «Han hadde lese bokmeldingar i mange år, han visste godt nok at bokmeldarane hadde sume hovudkrav til diktaran. Dei var strenge, det hadde han merka, og ingen bokskrivar

kunne koma forbi dei og leva. Fyrste bodet tyktest vera det at diktarane i dag skulle skrive om livet og folket i dag, og ta mest moegeleg det kvardagslege livet og dei kvardagslege menneske. Men det var ikkje nok berre det. Bokmeldarane gav ingen diktar lov til å skrive annleis enn ut frå heimstaden der han hadde vakse upp ... Søkte ein diktar utum miljøet sitt, kunne han ikkje dikte sant, han kunne ikkje bli ekte.»

Og litt seinare: «Ja, soleis står det til i bokmannsverdi. Slik og ikkje annleis. Olver hadde sanneleg vore langt utpå stupet med denne hersens Hagars son. Skulle ulukka vore ute, so hadde han lagt i veg med å skrive denne forteljingi, kasta seg burt i mange år kanskje. Den dagen han hadde rekna arbeidet ferdig, ville han fått høyre at ikkje var det vår tid som det skal vera, og ikkje var det kvardagsfolk som tidi krev. Det var ikkje eingong det rette lovlege miljøet. Bokdomarane ville sett sorgsamst på han og sagt diverre ... diverre må me slå deg i hel.»

«Boki um Olver» sluttar med at boka «Dei gamle» kjem ut. «Skal han segja som sant er, hadde han tenkt boki finare og med større og venare bokstavar på umslaget. Ho har lite av det han hadde venta, ho er nær sagt ring å sjå på. Men no er det for seint å prata.»

Olver sette seg til å lesa si eiga bok, men det skulle han ikkje ha gjort. Alt på fyrste sida fekk han den galmannskjensla at han var kritikar, han tok til å vega og mæle og døme. «Dermed krulla boksiden seg i hop som eitkvart hadde brent dei, ordi kvervla seg upp i blå røyk. Og verre var det at han tyktest sjå brilleglimtet til Sigurd Bødtker bel imillo. Rett som det var stakk hovudet til Carl Nærup upp over bordkanten ... just som ein illkynt nisse.»

Litteratane på kafeen der Olver vanka, var klare i sin dom over kritikarar som Nærup og Bødtker: «Kritikarane rekna seg sjølve høgare enn diktarane, dei var domstolen dei, kjende dei, og domstolen er alltid større enn han som er påklaga. Kritikarane hadde dertil ale fram det merkelege synet, at ein diktar visste aldri korleis t.d. ein god roman måtte vera gjord. Ein diktar skjønna aldri kva han gjorde han. Men det gjorde kritikarane, dei visste alt --- og difor var *dei* det største og viktugaste i litteraturlivet.» Olver freista å ta kritikarane i forsvar og meinte at ein kritikar sikkert las boki tre gonger før han skreiv om henne, men dei andre berre skratta han ut. Trur du at ein kritikar *les* boki han skriv um. Han les ikkje i vanleg meining, han har ein måte å bla på med han notarar. Og så skriv han som han kjende verket som var på tale. Det er alt ein bokkritikar har tid til.

Dette med bokkritikk er verdens største humbug, fekk Olver vita. Professor Collin hadde lese boka. Det er litt uklårt om det er professoren eller om det meir er Sletto sjølv som formulerer desse synspunkta, men eitt er sikkert, Sletto løyner ikkje kor stort det var å få gjeve ut si fyrste bok.: «Det å skrive ei bok, det er som andakt i kyrkja, men det å sende boki ut prenta og staskledd, det er som slagsmål på kyrkjebakken.»

«Når ein så ung mann vågar seg til å skildre sjølve livsstoda i det me kallar alderdommen, så diktar han om ein livssituasjon han ikkje har kjent på kroppen. Han er soleis ein mognare debutant enn me er van med. Sume kritikarar vil hefte seg særers med at boki er rakande snau for erotikk. Av ein diktar på to-og-tjue krev dei beintfram at erotikken skal setjast i høgsetet. I boki hans Olver – kor er pigene, vinen

og songen? vil dei spørja.» Og Sletto er ikkje snauare enn at han let professor Collins avrunda slik: Boki er so medveten både i komposisjonen og i psykologien og syner evne til meisterskap i mål og stil.

Det er noko paradoksalt i dette at Sletto så vel skjøna kva kritikarane ville ha, og som fekk det i debutboka hans, men som seinare, ein kan nesten lure på om det var av trass, forlet naturalismen og henta sine motiv frå mytologi og religion, heilt til han som femtiåring fann attende til heimlege motiv gjennom Per-bøkene.

Men kritikarane av «Dei gamle» var samstemte om at her hadde det stade fram ein fullmogen diktar i ein alder av 22 år. «Det er sjeldsynt at ein bokmann i fyrste venda kjem so mogen fram», skriv Anders Vassbotn. I Bjørnson si bokmelding heiter det at «Bogen er skrevet av en fin Aand. Han har skrevet om det han kjender, derfor er det hele veien kjerne og intet tomt skall». Det skulle ei sterk ånd til for å gi ankall på den vegen som syntes å liggja open for den unge forfattaren etter slike utsegner.

Men litt meir om «Boki um Olver». Olver fortel at han hadde hatt ein vane og veikskap i alle dagar: Jamt måtte han skrive ned sine hugskot og planar. Men ingen filolog skulle få grava i dette etter Olver si tid. «Han sjølv var den einaste som kunne leite fram grunnmurane i dette livsbygget. Ingen andre. Han sjølv var den einaste som kunne tyde kva han fann.» Alle desse tidlege notatar er borte. Sletto har nok gjort som han varsla, har brent alt når notata var gjennomgått. Han skreiv: «Eg skal brenne papiravfallet i tide ... i god tid.»

Det er lett å kjenne att Per i den unge Olver. Han fortel om gleda ved å lesa og eiga bøker, han skriv dagbok, han skriv ned sine draumar og han skriv «tenkte brev» til personar han har lese om. Han fekk særrettar som låntakar på bygdeboksamlingi alt som 10-11-åring. Då han kom og ville låne «Tusen og ei natt», bles skreddaren som styrde boksamlingi: Å fyss ... hor og nakne kvinnfolk heile boki. Nei, du fær ingen skrønebok. Men du skal få låne ei historiebok, sa han, og let Olver få med Daae og Drolsum si illustrerte verdenshistorie. Her møtte han den hellenske diktinga og dei kjende namn: Sofokles, Pytagoras, Sokrates, Platon og Aristoteles.

På 11-årsdagen skreiv han i dagboki at han har lese bibelen frå perm til perm. «Johannes åpenbaring var lettast å lesa», skriv han. «Heidskjeleg morosam og greiskjøneleg. Det var som eg hørde basunane. Og det var som eg såg ryttrarane. Johannes åpenbaring har eg no lese andre gongen. Eg trur Bibelen kunne vera skriven litegrande lenger. Slutten kjem slik at eg vart sitjande og spørja.» Og vidare: «Gommo vil at eg skal skrive upp alle slag draumar eg har. Det må eg vel gjera når eg fær betre tid.» Kapittel IV i boka heiter «Ein draumemånad». Her er fleire av draumane attgjevne – morosamt og levande, med ein undertone som fortel om ein elleve-tolvåring som må ha særskilte givnadar. I alle høve let Sletto oss sitja att med det inntrykket. Det same gjeld dei «tenkte breva» som Olver hadde skrive ned og nestå saman med svart ulltråd og liksom laga ei bok. Det var brev til kongen av Siam, til paven i Rom (der han tilmed siterte eit vers av Herder på tysk, eit vers som paven likte så godt at han slo det opp på veggen over sengi si), det var brev til Storgubben Schiller – Olver hadde sett Schillers Sämtliche Werke hjå presten, 1476 sider, så det hadde ikkje eingong presten våga seg på, og Olver fekk greie seg med Grimms eventyr på tysk. Brevet til Schiller slutta med ei bøn frå Olver, han måtte ikkje nemne noko til Goethe. Ein kar som hadde skrive Faust i Giertsen si umsetjing var for nøgje

og streng. Les desse breva i Boki um Olver, så vil du aldri koma seinare og si at Sletto ikkje hadde humor!

Eit gulna blad frå Olver som attanåring fortel mykje om ein strukturert og målretta ungdom. Her er timetavla for julehelga:

Stå opp klokka seks. Halv sju til halv åtte: Lesa gamalnorsk. Halv åtte til halv ni: Avskrivning. Ramnagrø. Halv ni til halv ti: Lesa Werther med ordbok. Halv ti til halv elleve: Skrive på Fager-Margit. Halv elleve til fem: Alt som det kan falle. Fem til seks: Grækerånden. Seks til leggjingstid: Skrive på Fager-Margit.

Denne historia om Fager-Margit er ikkje lenger å finna. Den høyrde nok til dei brende papira. Og at ein attanårig autodidakt brukte julehelga til å lesa Goethes «Die Leiden des jungen Werthers» på originalspråket, er mest ikkje til å tru. Men det er nok sant

...

So drog Olver til Notodden på lærarskule. Han har vore ein allsidig embetsmann i bygdi, tykkjer han, og reknar opp: «Formann i ungdomslaget, stubben av ein opplesar og talar og redaktør av bladet Hologingen. Dertil spelemann, dansar, skodespelar, kjennar av kvinnesjel, hesteskjønar og slåttekar. Dertil avhaldsmann, målmann, alvorsmann og tankeløysing, einebuar og lagsbror, drøymar og læresvein av gamle Ingibjør og dermed ven av nissane og alvane. Kjend lathans. Ukjend slitar med tolv arbeidstimar i døgret. No reiser han og takk for alt ifra vi var små.»

Klokkaren hadde ymta fram på at Olver burde ha ein hobby. Olver sin tanke var at han kunne granske kva dei var for folk desse store som hadde heitt Johannes. Det kunne bli ei heil lita verdshistorie um Johannesfolket. Lars Reinton gjer mykje ut av dette avsnittet i boka si om Olav Sletto og brukar det for det det er verdt når han argumenterer for at Johannes Lundeby heilt sikkert var far til Olav Sletto. Olver kjem ikkje meir inn på dette – det skal heller ikkje eg gjera.

Lærarskuletida hoppar Olver merkeleg raskt over. Han skriv: « Dei tre siste åra vilde han koma laus frå, for desse tre åra hadde han sove ... Kunnskap var det ikkje tale um, men lærestoff tilmælt i pensum. Og eksamen var målet for pensumet, og eit papir var målet for eksamen, og levebrød målet for papiret att. Olver ville likevel tala mildt um dei folk som hadde stade på lærestolen for han. Hadde han kaldsmilt innvendes sumtid, so var det fordi han såg store gråhåra skulegutar i dei. Aldri nådde dei høgare enn til eksamenspliktene, vart aldri romslege frie vaksne.

Lars Reinton meiner at denne nedvurderinga av lærarskuletida var utrettvis. I røynda var dette ei rik vokstertid, grunnleggjande også for dikteren, skriv han. Og Olver sjølv tek seg noko innatt i Olver III, der han etter å ha høyrte foredrag av professor Vilhelm Andersen i København spør seg sjølv om han hadde gått over bekken etter vatn og kom i hug Severin Eskeland, som han hadde hatt som lærar på Notodden.

«Hovudstaden visste vel lite um at han gjorde eit gjævt arbeid i det stille langt burte frå by og universitet. Diktaranne visste ingenting. Olver hadde hatt den lukka å koma under talarstolen hans i rett tid. Severin Eskeland hadde den djupe kjennskap til diktheimen som godt studium og entusiasme kan gi. Eskeland hadde stengt ein diktar inne. Men ordkunstnaren kunne han ikkje stenge inne, heller ikkje talekunstnaren. Og det kan diktast stort på ein talarstol.»

Men no hadde Olver vakna att, han kjende seg fri og hadde teke til å skrive på det som skulle bli fyrste boka hans. Han fortel korleis han hadde fått tanken om dei to

gamle i kårstugun og Vesle-Per. Eg og fleire med meg har sikkert trudd at Sletto her modellerte ut frå eigen oppvekst saman med bestemor og bestefar, slik det tydelegare kjem fram i Per-bøkene. Skal me tru Olver, var det ei anna oppleving som sette han på tanken om boka «*Dei gamle*». Han hadde førend på ein grannegard. Då han kom dit, var berre ei gamal kårkone og ein liten femåring heime. «*For Olver var det eit vakker bilete: Den gamle rare armstolen, gamlemor med bundingen, barnet som sov. Stugu fylt av fred. Klokka på veggen i tolmogig gang, djupare fredeleg enn sjølv freden. Og dette biletet bar han med seg heim att, det var som ei openbering av noko han ikkje kunne tyde.*»

Eg har tidlegare vore inne på korleis Sletto opplevde å få gjeve ut si fyrste bok. No reiste han til Kristiania, der han hørde på førelesingar av Collin og Gran, Vilhelm Krag hadde ordna med teaterbilletter, han treffe på Frederik Paasche og målarinna som vart kalla Kunstmannet, Mimi Falsen, og syster hennar, hoffjegermeisterinne Inga Gjerdrum, som vart kalla Fru Husherre på Godset ved Billingstad stasjon, og han opplevde – på avstand i teateret – dei frykta kritikarane Carl Nærup, Sigurd Bødtker og Nils Kjær. Eit lite stikk er det her og: «*Olver kunne ikkje skjønne kvifor han kjende seg so underleg vrid. Likte han dei tre so lite, eller var han redd dei?*» «*Boki um Olver*» sluttar med at Olver er på veg til Danmark med introduksjonsbrev frå Vilhelm Krag til to av Danmarks mest kjende åndsmenneske, forfattarane Helge Rode og Sven Lange.

Denne turen, som også omfatta eit kortare Tysklandsopphald, vara frå hausten 1908 til juni 1909, berre godt og vel eit halvår, men skal ein døma etter plassen denne reisa har fått i Sletto sin sjølvbiografi, må han ha vurdert dette til å vera svært avgjerande for det vidare livet både som folkehøgskulemann og forfattar. Dei neste tre banda av *Olver-bøkene* handlar om denne reisa og om Sletto sine møte både med framstående menneske og møte med strøymingar i åndslivet som fekk avgjerande innverknad på Sletto sine litterære arbeid i mellomkrigstida. I Sletto sitt forfatterskap kan me setja eit skilje i 1936, då han som 50-åring på ein måte vende heimatt til heimbygda og starta arbeidet med *Per-bøkene*. *Per Spegil* kom, som me veit, ut i 1939.

OLVER II – På høgt berg

I *Olver II*, «*På høgt berg*», budde Olver på hotellet Grundtvigs Hus. Det var her han treffe den radikale svensken Henrichsson, sosialist, journalist og skriftstallare. Henrichsson hadde gjeve ut ein roman og vorte truga med sedskapsprosess. Skulle ein forfattar få verkeleg stor trygg lesekrins, måtte han få dei eldre litterære villingklokkene til å hundse han ut for sedløyse. Det var ikkje Olver sin voge. Han nytta tida på biblioteket, i teater og på kunstmuseum. Thorvaldsenmuseet var særleg gildt. Her treffe han ein gamal kjenning i bilethoggar Thorvaldsen. Det hadde byrja i tuelleveårsalderen med ein liten gresk mytologi med over tjuu Thorvaldsenillustrasjonar.

Innføringsbrevet frå Vilhelm Krag førde han til Hr. Helge (Helge Rode) og kona hans Edith, som og var diktar. I selskap hjå Rode treffe Olver m.a. Christian Rimestad, den danske litteraturmagister med særlege kunnskapar om fransk litteratur, her var den beste venstrepenn og venstretalar i dåtidas Norge, Erik Vullum, gift med mor til Helge Rode, og her var Sven Moren, forfattar og folkelivsskildrar frå Trysil som gjekk motsett veg av Olav Sletto og vart meir kjend for si sosiale diking. Moren og Sletto

reiste saman på ein liten Tysklandstur, men dei motstridande synspunkta på kva dikting handla om, gjorde at dei to ikkje kom særleg godt overeins. Helge Rode meinte at litterær form lærde ein best hjå franskmennene, noko Christian Rimestad og kunne skriva under på. Men trong ein mat for tanken og kanskje litt indre oppreising, svara det seg å gå til tysk dikting. Sven Lange gav Olver i oppgåve å lesa Beaudelaire, men det vart inga positiv oppleving. Olver vart så i staden beden om å ofra ein månad på Goethe-studium.

Ved hjelp av Hr. Helge fekk Olver gjesterett både i Forfatterforeningen og Studentsamfunnet. Eg vil tru at dei mange foredrag og samtalar i desse fora fekk innverknad på Olver sitt syn på vegen han måtte gå vidare. Boka sluttar med at Olver på ny er på reise fot, no skal han til den kjende folkehøgskulen i Askov. Men heller ikkje i Olver II kjem me unna eit åtak på den norske litteraturkritikken. På gata i København observerte Olver tre norske kritikarar. Han skildrar dette slik: «Ei djup røyst fortalde: Han hadde slege i hel romanen til NN i fjor. So å segja slakta han – de les vel det? Tre djevelske spaltar – kva? Kva farken skal ein kritikar gjera, skal han sleppe alle på marknaden? Slik hadde ingen norsk roman vorte slakta etter året nittanhundre. NN var ein død mann i same stund og time. Ikkje tale um at han kan syne seg meir – på prent. Dei prata seg nedetter gata arm i arm. No var dei frie, halvfulle, geniale åndsmenn på utlandsferd.»

OLVER III – Upp bakke og ned dal

Olver III, «Upp bakke og ned dal» startar med at Olver er attende i København, og me skriv 1909. Opphaldet i Askov fær ikkje stor plass i Olver-bøkene. Når me veit kva som skjedde i Askov, er det kanskje ikkje så rart at dette ikkje blir noko hovudpunkt i biografien. Det var meininga at Sletto skulle ta til som lærar på Buskerud folkehøgskule, men dette vart utsett då styrar Langeland fekk melding om at Olav Sletto brått hadde slutta på Askov. Forstandaren på Askov skreiv i brev til Langeland om Sletto at «han reiste herfra fordi jeg bad han derom. Grunden var hans forhold til de unge piger, som han rent ut sagt hypnotiserede og kyssete.» Etter ein prat med Sletto fann Langeland at det heile var temmeleg uskuldig, men det var best at Sletto venta eit års tid med å bli folkehøgskulelærar. Olver skriv som nemnt ikkje mykje om Askov-tida. Men ein ting fekk han heilt klårt for seg: Halde foredrag var ein kunst. Det vart foredragskunst han studera på danske folkehøgskular. Dette kjem me attende til i Olver V. Det går likevel fram at Olver nok hadde sans for høyskolepiene ... Særleg ei svensk jente, ein Strindbergentusiast og Frødingkjennar, tenkjer han med godhug på. Han skriv: «Maken til levande vøforesar i litteratur hadde Olver aldri råka på. Heller aldri funne ein læremeister so vakker!» Det er mogeleg den gode forstandar Appel ved Askov kunne ha noko rett.

Attende i København meinte Hr. Sven (Sven Lange) at Olver hadde greidd Beudelaire-prøva som han ynskte det. No kom Goethe-eksamen. Olver meinte at Tårnvektarsongen i Faust sa alt det innarste om dikting gjennom dei seksten verselinene. Diktaren er «Zum Sehen geboren, zum Schauen bestellt.» Sjåaren er lyfta opp i eit stort og underleg kall. Dette er ein gjennomgangsmelodi hjå Olver. Det kjem endå tydelegare fram i foredraget til Dr. Moses i Olver V.

I Københavntida som blir omtala i denne boka, går det fram at Olver hadde djupe kunstopplevingar, særleg i den egyptiske avdelinga på Glyptoteket. Han granska det religiøse sjelelivet og søkte rettleiing hjå William James. Det høvde godt inn i Olvers filosofi at James peika på at religionen gir oss tilgang til ein røyndom som vi ikkje har

kognitiv tilgang til. Dette knytte han til sine gamle grendefolk uppi dalen. Dei religiøst vekte, pietistar og slikt var ikkje toskar og fåmingar, dei var berre med i ei ålmenmenneskeleg sjelerørse, for dei hadde ein natur som kravde eit heitare indreliv. Vidare møter Olver den merkelege Doktoren som dreiv med noko han kalla sfæregransking. Dette fortel oss noko om Olvers draging mot det mystiske og okkulte som me kan møta i Loke-verket og Paulus-romanane som fylgde. No er det at Olver kostar på seg Stabbur – ei bok innbunde skrivepapir. Han skriv: «Gjennom dagar og vikor kunne han her samle seg underlege skattar. Kvar gong han fekk eit hugskot og ein innskotstanke ville han samla det i Stabburet, som når ein sankar suvl til stabburet om vinteren – eller som Josef då han lagra korn i dei rike år.»

OLVER IV – Under Helgafjell

I «Under Helgafjell», den fjerde Olver-boki, let Sletto oss fylgja Olver siste delen av danmarksopphaldet, fram til sumaren 1909 då han stemner heimatt. Det er kan hende ikkje berre spøk når Olver nemner seg som «kjennar av kvinnesjel» i den nemnde opprekninga før han tek ut på reisa si. Det skin stadig gjennom at Olav Sletto som ung mann måtte ha eit serdrag som vekte morskjensla hjå kvinnene. Både fru Edith, fru Thyde, fru Bergljot og ho som vart kalla Dronning og var midtpunkt i festleg lag, hadde alle stor omsut for den unge nordmannen. Olver fortel om dette med eit glimt i auga.

Olver hadde gjesterett i Forfatterforeningen i København og fekk der møte eitt av sine ideal, den leiande litteraturkritikaren i Nord-Europa på den tid, Georg Brandes. Olver hadde lese Brandes sitt hovudverk «Hovedstrømninger i det 19. århundres litteratur» før han gav seg i kast med debutboka si. Han kjende såleis komposisjonsteknikken Brandes der hadde gjort greie for. Det var miljøsskildring, folkeliivsskildring og heimstaddikting som var på moten rundt hundreårsskiftet, og i denne fyrste boka si fylgde Sletto hovudstraumen. Me har sett at dette vekte åtgauum hjå kritikarane her heime. Etter møtet i Forfatterforeningen vart Olver beden heim til Brandes, St. Georg som han blir kalla i boka. Brandes hadde lese «Dei gamle». Olver sa at han var misnøgd med boka, i dag ville han ha laga boka noko annleis. Ja, i dag, sa Brandes. «Gjorde De boka umatt i dag, vart det berre ei annan bok med nokolunde same emne. Og visseleg ei ringare bok. Nei, her er me på ein fårleg krossveg. Ein diktar blir eldre og kunst-vetugare, og so vil han skapa umatt sitt fyrste verk. Gløymer at han har vorte eit anna menneske med åri. Og vinn berre å drepa livet som fyrsteverket åtte. Den vesle boka dykkar er ein stemningskomposisjon, plukk ikkje på boki etterpå. De har evne til stil. De byggjer setningane tiltalande for auga, det har mykje å seia – men i grunnen skriv De for øyra. De er vår for musikaliteten i norsk. Spelar De noko instrument?» Då Brandes fekk høyre at Olver spelte fele, sa han: Ja, eg tenkte meg det. De har noko violintone i stilen. Boki Dykkar, hr. Olver, varslar på mange vis, nett fordi denne er den fyrste. Millom anna ser eg varsel om at De kjem ikkje til å gå inn i sosial tendensdikting som just er på moten for nordmenn i dag. De har dragnad til annan kant. Ein diktar har plikt til å lære. Lære ustanseleg i det ytre kunstarbeidet. Brandes ba Olver studera den italienske litteraturfilosofen Benedetto Croce. Han hevdar at målet for diktverket er stemming. Upphavet til det sanne diktverket og verdet som det kjem til å ha, det ligg i intuisjonen, stemnings-intuisjonen.

Det litterære Danmark var uppteken av naturalistisk og aristokratisk realisme, medan Croce tala om ånd og intuisjon som sjølvaste Grundtvig, og det hadde det litterære Danmark fått meir enn nok av. Croce var usamd med det danskar og nordmenn hevda, at dikteren skulle avspegla livet, miljøet. Croce nekta for at ein verkeleg sann og *kalla* diktar var spegil for eit ytre miljø. Det skapande midtpunktet i eit diktverk var dikteren som personlegdom og hans åndelege intuisjon. Diktaren var ein mann med det *indre* synet. Han såg – og det var sermerket på dikteren. Og synet som dikteren såg, det skapte tilfanget, emnet som han bygde sitt diktbilete av. Og biletet var ikkje noko spegelbilete. Diktbiletet hadde vorte til ved ei skapingsakt. Den stemning verket makta å vekkje hjå lesaren, det var den som gav det poetisk verdi.

Olver gjekk i teateret og såg Wagner-oppsetjingar fleire kveldar. Niebelung-ringen og Götterdämmerung og opplevingane med desse er attgjeve over fleire sider i boka, Ved fyrste augnekast er det vanskeleg å sjå kvifor desse framsyningane får så stor plass, men ved nærare ettertanke trur eg desse teateropplevingane fekk mykje å seie for Sletto sine emneval i dei komande bøkene. Det går an å sjå liner frå dei mektige Wagnerstykkja og til Slettos Loke-trilogi, utan at eg har korkje evner eller tid til å gå nærare inn på det her.

Og så, i eit lite påheng, laga som eit tankesviv på Rådhusplassen, kjem Sletto også her inn på den norske litteraturkritikken. Det høyrer liksom med i Olver-bøkene at det skal nemnast. Olver fann fleire merkelege ting. Mellom anna det at norsk litteraturkritikk sat i Kristiania. Ein bokmann som hovudstadskritikarane ikkje ville kaste auga på, han var liksom ikkje til. I Noreg var det avgjort kva diktning var: Realistisk miljøskildring med ope auga for sosiale og politiske faktorar. Eit diktverk vaks med litevetta problemdebatt. Og det nådde full høgde om elskhugs-skildringa som til høyrde, ja at den var 'sann' og 'ekte' i dei ymse miljø. Etter dette dømde kritikarane bøker og bokmenn i vaksenmanns ro, dei hadde lagt seg til eitslag visdomens mynde. Og diktarane var fredsens stille. Alle var like i agen for bokmeldingar.

Eg mistenkjer Sletto for å ha lagt inn dette stikket i ettertid. Men Olver IV sluttar med ei klår program-erklæring, som eit resultat av opphaldet i Danmark: «Det hadde lagt seg ålvor og lagnad i fjellgut-namnet, det hadde vorte bindande for han, kalla på han, og ført han utan hans vetande inn på ein einsam høg fjells-stig. Den vegen ville skilje han frå mange. Gjekk du mot fjellet, kunne du ikkje samstundes reike på ålmannvegen i dalen.»

OLVER V – Då tedde ei eldborg

I Olver V, «Då tedde ei eldborg», gjer me eit tidssprang på 7-8 år framover. Olver er gift, hadde kone og to småjenter og hadde bygd seg hus i Asker. Dette er fyrste gongen Karin er nemnt i Olver-bøkene, jamvel om me veit at dei møtttest så tidleg som i lærarskuletida på Notodden. Seinare i boka vil Olver ha oss til å tru at dei møtttest i eit sokalla finare selskap, og at Olver alt då bestemte seg for at henne skulle han gifte seg med! På mange vis ser det ut til at Sletto ikkje vil sleppe oss inn i kjærleiks- og familielivet sitt. Denne sida har liksom ingenting med Olvers åndelege utvikling å gjera, og noko rett er det vel i det. Og Olver-bøkene skulle då heller ikkje vera nokon standard-type biografi.

Olver sende kona og borna på ferie til ein sørlandsby, skal sjølv koma etter. Difor blir han aleine, finn skriveplassen sin, bergstolen ved fjorden. Tanken vår går til bergstolen på Kambenuten, og Olver seier sjølv at det finst mange sjårberg i verdi. «Her hadde han site og skapt soga um Hermod Skald, her lyfta ei verd seg til synleg liv», den verdi menneskejetunten Loke levde i, der han førde kampen mot Odin og hans gudeheim. Her hadde Loke-bøkene funne si form.

Olver hadde fått brev frå ein som kalla seg Dr. Moses. Denne Dr. Moses hadde skrive eit foredrag om «Diktaren Olver». Dei fyrste 100 sidene i Olver V handlar om dette foredraget til Dr. Moses. Det er Sletto sin måte å gjera greie for si eigen dikting. På svært mange måtar opplysende og interessant, på ein annan måte eit lett gjennomskinleg forfattartriiks for å kunne setja søkelyset på manglande forståing hjå kritikarane og det Sletto opplevde som nedteingi av arbeidet sitt. Lars Reinton meiner det var uklokt å ta med dette foredraget av Dr. Moses, og kritikarane var heller ikkje no nådige i sin dom. Norgesrekord i sjølskryt, meinte Ragnvald Skrede i Dagbladet. Me får bera i minnet at dette vart skrive midt under den pågåande striden om diktarløn til forfattaren. I eit brev til Lars Reinton i 1959 sa Sletto det slik: «Det kan godt vera at min lagnad er slik at eg konsekvent skal stå utanfor offentleg påskjønning. Går det ikkje no, er det klårt at det aldri skal bli.»

Bokmeldarane fekk sitt allereie i innledninga til Moses-foredraget. «Ingen bokmeldande mann hadde teke fram diktingi til Olver i samanheng hittils, det hadde han lagt merke til. Dei som skreiv tok jamnt siste boki eismal, liksom boki var den fyrste og einaste Olver hadde skrive. Det tottest som Olver dreiv på å debutera år etter år.» Moses gjekk gjennom det Olver hadde publisert hittils, sju bøker i alt. Dei tre fyrste vart sett på som øvingsarbeid, stemming av instrumentet, men representerte ikkje så mykje den djupe grunnlina i Olvers forfatterskap. Men Olver var framleis ung. Hans beste – i fall han fekk stiging i fylgje med alderen – hans beste hørde truleg framtili.

Og for oss, som sit med fasiten i hand, var vel ikkje dette nokon forvitneleg spådom. Det vil føre for langt å gå inn i detaljane her – men Moses-foredraget – sjølv med sine svake sider av det som av mange vil bli oppfatta som sjølvros – gjev oss djupare forståing av tankegodset bak Loke-verket. Og Dr. Moses var ikkje snau i karakteristikkane av Olver som diktar. Berre eit par døme på dette: «Åndens vilkår og åndens lagnad på denne jord har vorte eit ser-emne for Olver. Problemet hans var stendig åndens vilkår i vår mannaverd. Kanskje kjende Olver sitt diktarkall i det å vera åndens forsvars-advokat. Diktingi til Olver er bore av ein filosofi. Ikkje berre av eit fast livssyn, men av ein serskiild og liksom utarbeidd filosofi. Han er tenkjar i bilete. Ein biletsjåar.» «Kunstnaren i Olver åtte mange midlar til å føre ei bok fram. Millom anna åtte han ei medfødt ordevne, kunne snart vera både målar og skulptør, snart musikar.» Moses går vidare inn på boki «Tenaren». Dei fullt edle menneske millom oss, dei som tufter sitt liv på den høgre varande sanning, dei må gå gjennom ein tapslagnad i denne verdi. Det er nauðsynl for menneskeslektene at det alltid finst slike mellom oss, slike sterke stille som vågar å ta tapsdåden i kvar mannsalder. I Olvers målbruk heiter det elles ikkje taparar, det heiter tenarar.

Eg kan ikkje fri meg frå tanken om at dette og er ein del av det eg les som eit godt forfatta forsvarsskrift for Sletto si dikting frå dei fyrste ungdomsåra. Han let Dr. Moses

– som sin bibelske namnebror – føra lesaren mot større forståing så å seie til det lova landet. Dr. Moses hadde funne at Olver hadde ein vakker siger med den fyrste boki. Men so kom han med boki «Tenaren». Då mista hovudstadskritikarane all interesse for Olver. Etter den dagen har gått mange år. Bokjournalistane i storbladi har framleis ingen sans for Olver. Men Olver tok ikkje dette som varsel om at han laut søkje andre vegar. Han endra ikkje sitt emneval, skreiv som før. Han synte eit mot til å stå aleine som likna det reine overmot.

Men forfattarane elles hadde lært samarbeidskunst. Dei hadde faste høvedsmenn som skreiv om litteraturprodukta, og dei vekte opp publikum – det fremja boksalet. Dei hadde smaks-leiarar og sakkunnige, stipendutdelingar, til og med nokre riksløner for diktarar. Dei hadde lagt ein sams ålmannveg til ros og store stipend. Inn i dette yrkeslægeret kom Olver, heilt fjell-alen, heilt individualist. Ikkje van med å gå i flokk, ikkje van med å kalle dikting for eit yrke, for han var det eit kall. Olver var klar over at han gjekk ein annan veg enn vanleg var. Men no var det for seint å vende. Han skreiv atter ei bok. Ho var i ætt med det han før hadde skrive. Ingen presse-kritikar i hovudstaden la merke til boki. Ingen klander av noko slag. Ingen ros og ingen last. Full fred.

På mange vis gjer det vondt å høyra den bitre tonen i denne framstillinga. Dr. Moses – eller Sletto sjølv – meinte han hadde lagt støytesteinar i vegen sin. Den fyrste var emnevalet, langt utanom kvardags-realismen som var fyrste bod for dikting her i landet. Den andre var stilen. Olver var umoderne varnæm i ordval, gjorde stilen til tenar i gamal meining. Moses seier at «Olver tykkjest å ha eit okkult vetande, eit intuitivt vetande um diftong- og vokallovene i bygdemål som er talevyrdsla attende gjennom fleire ættleder. Han har funne ein lykel som ikkje me andre kjenner.» Det blir mest for mykje av det gode slikt Sletto let Dr. Moses tolka arbeidsmåtar og emneval i Olver sine bøker. Og han legg sanneleg heller ikkje fingrane mellom i den bitre omtalen av bokmeldar-journalistane: «Hovudstadsbladi var den reine mørkheim av likesæle, ingen iddest noko slikt som å vera fiendtlege mot Olver». Men provinspressen klara å skaffe Olver lesarar. Sletto gjer eit nummer av at han sjølv hindra at bøkene hans vart sende til hovudstadsblada for melding. Dermed var det ingen som leita etter dei – og dermed er kanskje likesæla i hovudstaden lettare å forstå. Men noko rett må det vera i dette. Av bibliografien i «Ei bok om Olav Sletto» går det fram at det er langt mellom hovudstadskritikarane sine meldingar av Sletto sine bøker før Per-bøkene kom.

Men Olver fekk oppmuntring frå andre hald. Frå professor Nathan Söderblom i Uppsala, han som seinare vart erkebisp, fekk Olver invitasjon til å koma til Sverige. Söderblom var oppglødd for «Tenaren» og medverka til at boka vart omsett til svensk. Meldarane der sa: Ett i hög grad märkligt arbete med et verkligt genialiskt uppslag, utfört på et konstnärligt skönt sätt.” Gode ord, men Sletto ville ikkje nytte dette for å fremja eigen sak. Olver seier: «Han nemnde ikkje meir små-sigrane sine i grannelandet. Han tok uppatt sin gamle måte frå dalen, tagde med meir enn han sa – og det gav ei god kjensle som han åtte gull-rikdom i løynd bank-kjellar.» Me kan undrast på om dette var ei klok avgjerdsle. Det måtte gå mange år før Olav Sletto fekk den heider her heime som han fortente.

I siste delen av Olver V møter me journalisten Lønning – truleg ein oppdikta person som arbeidde med ei avhandling, eit forsvar for alle skrivande folk som ikkje kunne

finna levebrød av sitt arbeid. Han hadde skapt omgrepet Homo økonomikus; til dei hørte neppe diktande folk, for dei som kunne leva av diktingi utan borgarleg sidearbeid – dei kunne reknast på eine handa. Lønning (eit høveleg namn i denne samanhengen) hadde site i ei stipendnemnd der Olver hadde fått hard medfart. Nemnda trudde Olver var rik, så han fekk avslag på søknaden. Bøkene hans hadde ikkje vorte nemnt med eitt ord. Og det var rett at Olver hadde fått tilbod om økonomisk stønad, ein to-års leveplan med fast månadsløn for å skrive fire artiklar i året. Men han kvidde seg for å svara ja. På sumarferie hjå fru Husherre hadde Målaren og Kunstmennesket fått det for seg at Olver burde debutera som talar. Olver henta fram sine gamle retorikkbøker og debuterte som talar på Olsokfesten til Bondeungdomslaget med emnet Olav Heilage, eit stykke psykologi. Og debuten gjekk bra. Olver skriv: «Ikkje for vel hadde han kome i gang, rann ein varm straum frå nakkegropi og fram i brystet, Denne underlege nerve-veila som hadde fylgd han som ein draum for mange år sidan. No stråla den varme straumen ut som det var lunke vatn. Det la seg gjennom han eit gladvær mot. Det kom ein klårleik i tankane og det han skulle segja, ordi vart meningsfylte.» Den som har opplevd Olav Sletto som talar, og som tilmed har gått på talekurs med Sletto som lærar, kan skrive under på at slik var han på talarstolen også som eldre mann!

Domen etter debuten var eintydig. Olver fekk tilbod om eit reiseår som talar for folkeakademiet til Noregs Ungdomslag, med eit fastlagt honorar, men talaren hadde høve til å si frå seg honoraret og heller ta inngangspengar. Då Olver drog ut på talarferd nedetter dalen, fekk han eit råd av gamle Asle på kvilingsstellet eit par mil heimanfrå. Asle rådde Olver til heller å ta utgangspengar, og det systemet gjorde underverk. Slik gjorde fyrste ferdavinteren svært godt, både for kropp og pengbok. No kunne Olver for fyrste gong stenge seg heilt av og freiste å bygge ei ny bok. Året er 1917. På slutten av året kjem så Olav Sletto si åttande bok, «Millom eldar». Men det han kalla «forsegningi um Olvers ungdomsår – eit åndshistorisk tidsbilete» vart fullført på Geilotun 31. oktober 1960, om lag samstundes med at Olav Sletto endeleg og fullt fortent vart heidra med Statens kunstnarløn.

Og med dette får eg og avslutte denne freistnaden på å gi eit lite oversyn over det åndshistoriske tidsbiletet som dei fem Olver-bøkene er.

Arne Skogheim

4. Jørn Øyrehagen Sunde - Om verdigheit.

Samandrag av foredrag helde for elevar ved Gol vidaregåande skole
15. september 2015



Det har lenge vore eit ynskje i styret å koma i kontakt med, og helst få unge menneske interessert i Olav Slettos liv og diktning. Etter lanseringa av boka om Olav Slettos mor, Anne Sletto, i februar 2015, tok difor Olav Sletto-selskapet våren 2015 initiativ til eit møte med elevar ved Gol vidaregåande skole. Selskapet tilbød skola eit foredrag om verdigheit med basis i boka om Anne Jensdotter Sletto. Skola takka ja, og 15. september 2015 tala professor i retts historie ved Universitetet i Bergen, Jørn Øyrehagen Sunde, for omkring 200 17-åringar i samfunnssalen på Gol. Eva Amhjell har laga samandraget nedanfor.

På nettsida www.olavslettoselskapet.no skreiv vi etter møtet: "Det var dryppande stille då Jørn Øyrehagen Sunde held 200 ungdommar på 2. og 3. trinn ved Gol vidaregåande skole i age under si 40 minuttar lange forelesing om temaet verdigheit i Gol samfunnshus tysdag 15. september 2015. Han la boka om Anne Sletto (Anne Sletto – eit kvinneportrett, Boksmia 2015) til grunn for den historiske gjennomgangen av temaet, og viste med eksempler frå saker i høgsterett i vår tid (2015) at temaet er like aktuelt i dag. Kvinner som fekk barn utanfor ekteskap, i sær dei fattige, vart påført skam og urettvis behandling, den gongen som no. Kva var dei underliggjande haldningane i argumenta som vart brukt opp gjennom historia, og i dag, spurde Øyrehagen Sunde. Jau, at (fattige) kvinner sel seg villig vekk til menn for å dra fordelar av det. Og kva handlar det om, for historia er ikkje så enkel? Det handlar om våre egne fordommar! Difor er verdigheit eit tema som aldri går ut på dato, for det triggjar fordommane i oss sjølve i møte med det/dei/den som er annleis enn oss. Legg ikkje skulda på andre, t.d. kyrkja, sa professoren, begynn med å gå i deg sjøl og sjå på dine egne fordommar. 400 hender klappa så det braka og takka slik for eit unikt møte med Jørn Øyrehagen Sunde, professor i retts historie ved Universitetet i Bergen, som enno ei gong kom til Hallingdal og ga av si tid og sin kunnskap – gratis. Fyldig rapport frå møtet kjem i Olav Sletto-selskapets årshefte 2016. Arrangørar var Olav Sletto-selskapet i samarbeid med Gol vidaregåande skole."



200 ungdomar takka Jørn Øyrehagen Sunde med brakapplaus etter foredraget om verdigheit i samfunnssalen på Gol, 15.9.2015. Foto: Eva Almhjell

Definisjon verdigheit

Dei fleste ordbøker definerer verdigheit slik: «Det å vere verdig». Omgrepet «verdig» kan tyde både «som er god nok» og «rolig og sømmelig; høgtidelig». Ikkje heilt presist, dette, men det vi skjønår av det, er at verdigheit har med møte mellom menneske å gjera, og korleis vi møter kvarandre i kvardag og fest. Møter vi kvarandre med respekt? Møter vi menn med meir respekt enn kvinner? Møter vi andre fylt av eigne fordømmar? Og kva er det?

Definisjon fordom

Fordømmar er haldningar eller oppfatningar som ofte er baserte på mangelfull eller feil kunnskap. Å mangle kunnskap er ikkje særskilt positivt, og da forstår vi også kvifor fordømmar er noko negativt. (sjå meir her:

<https://no.wikipedia.org/wiki/Fordom>

Det vil seie at dersom vi er fordomsfulle, har vi negative haldningar til til dømes idear, stader eller i verste fall andre personar og menneskegrupper. Da kan fordømmane våre bidra til at vi blir diskriminerande, fordi vi er negative i utgangspunktet. Haldningar ligg til grunn for tankane og kjenslene våre, og dei får konsekvensar for korleis vi handlar.

Men ser ein på fordømmar ovanfrå, så representerer dei eit hierarki som rangerer menneske og grupper av menneske i høve til kvarandre. Det seier noko om kven som er bra, og kven som er mindre bra. (Sjå meir her <http://ndla.no/en/node/81339>)

Med desse definisjonane som utgangspunkt, gir vi nedanfor eit samandrag av foredraget, der professor Jørn Øyrehagen Sunde brukte artiklane i boka "Anne Sletto – eit kvinneportrett" som underlag.

Samandrag

Anne Sletto og hennar ungar – slutten av 1800-talet

Anne Sletto (1867-1946) vart mor til to ungar med to ulike fedre - utan å gifte seg med nokon av dei. Ein av ungane var sonen, Olav (f. 1886), seinare kjent forfattar og talar i Norge. Begge vart av omverda påført ei skam som ingen hadde rett til å påføre dei, men som dei måtte leva med. Anne var tenestjente utanfor bygda då ho vart med barn. Ho fødte sonen i Sletto, eit småbruk aust i Holsbygda. Han vaks opp hjå besteforeldra. Mor måtte ut att i tenest fortast råd var. Olav var eit flogvit og rasande flink på skula. Mor hans var tenestjente, leigekone og husbestyrerinne i Nordre Vestfold. Ho gifta seg med svenske Theodor Bråtnäs i 1900. Dei fekk ingen barn saman. I 1910 var dei komne heimatt til Hol. Ved folketellinga 1910 budde ho og mannen på Geilo (Ustedalen). Der sette Anne seg opp eit stort hus med åtte rom ("Villa Lunde"). Geilo vaks raskt fram som turiststad etter at Bergensbanen vart opna i 1909. Anne såg moglegheitene og brukte dei. Medan ho sjølv var vaskekone på Dr. Holms Hotell, administrerte mannen ei lita utleigebedrift i heimen. Dei leigde ut rom til turistar og andre som trengte ein stad å bu for kortare eller lengere tid. Ho held fram som yrkesaktiv heile sitt liv. Det vanlege var at kvinnene slutta som yrkesaktive då dei gifta seg. Theodor døydde i 1939. Anne levde aleine til ho sjølv takka for seg i 1946. Då hadde ho i mange år vore sjuk, ma. hadde ho diabetes og kreft.

Olav vart, som nemnt, ein landskjent forfattar. Han gifta seg med Karin Bryde i 1911. Karin var yngste dotter av Johan Bryde, skipsreiar og svært velstående, i Sandefjord.

Olav var harm på mor si, han likte ikkje dette mennesket. Far sin, som døydde ung, likte han å tenkje fram som ein sympatisk mann. Mor og son treftes, etter det vi har grunn til å tru, berre to gonger etter at sonen var vaksen. Mor såg truleg sonen sin springe rundt i Sletto som fem-seks-åring då ho kom med lausunge nr. 2, vesle Jenny (f. 1891), til gards, men kunne ikkje gi seg til kjenne. Ho hadde ei kontrakt med foreldra om at ungane skulle tru at det var besteforeldra som var far og mor. Så skulle Olav få vita sanninga då han vart konfirmert. Han skjønnte teikninga lenge før den tid, og nettopp det, at dei prøvde lure han, må ha vore noko av det som gjorde mest vondt for han. Han har også gitt uttrykk for eit sterkt morssakn og morslengt under oppveksten.

Både Anne og Olav var annleis i si samtid. Dei skilte seg ut som laus kvinne og laus unge, sjølv om det var mange i same båten på slutten av 1800-talet. Det året Olav vart fødd, 1886, vart det samla fødd 61 277 levande barn i Norge, og Olav var eitt av 4 651 barn som vart fødd utanfor ekteskap – av desse fleire titals berre i Hallingdal.

Kva val hadde ugifte kvinner som "kom i ulukka", som det heitte, når ho oppdaga at ho var med barn? Kva val hadde Anne? Ho kunne fø barnet, med dei problema som det ville føre med seg, både for henne og barnet. Ho kunne oppsøkje ei "klok kone", ei av dei kvinnene som hjelpte fortvila unge kvinner som ønskte å ta abort, ho kunne prøve seg som klok kone sjølv, med fare for sitt eige liv, eller ho kunne prøve skjule graviditeten, føda barnet i skjul og ta livet av det enten ved å la det døy av seg sjølv,

eller ved aktivt å ta livet av det med kveling, drukning eller på andre måtar. Det var det som var brotsverket til dei 19 kvinnene som vart dømde i Høgsterett for barnedrap på 1880-talet.

Anne Jensdotter Sletto valde å bera fram barnet. Ho valde som flesteparten av dei i hennar situasjon valde. Både då ho fekk sonen i 1886 og dottera fem år seinare, i 1891. Arbeidstilhøva for tenestjenter i landbruket på denne tida gjorde det heilt umogleg å kombinere arbeids- og morsrolla. Ungane vaks opp i Sletto i Hol og var heldige som hadde besteforeldre som stilte opp. Dei fleste uekte barn vart sett bort til framandfolk og lei vondt i alle sine barneår.

Fedrene tok ikkje ansvar for barna dei sette på tenestjentene. Dei fleste fedrene var fattige tenestgutar, men blant fedrene var også gardbrukarar og deira søner. Kvinner med lausungar vart møtt med fordommar. Dei vart sett på som umoralske og kom nederst på rangstigen i samfunnet. Mange av ungene gjekk det ikkje så bra med, men slik vart det ikkje for Anne sine ungar! Det må ha tatt på å behalde si verdigheit når verda møter deg med fordommar, ser på deg som umoralsk og annleis, kan ein tenkje.

Stikkordet for professor Jørn Øyrehagen Sunde i denne samanheng var "annleis". For det er i møte med det vi oppfattar som annleis, at våre eigne fordommar blømer. Verdigheit handlar om å mestre og forstå sine eigne fordommar og forutinntatte haldningar i møte med folk vi opplever som ulik oss sjølve. Difor er verdigheit ein løpande og varig prosess. Han brukte foredraget til å vise eksemplar frå den norske rettshistoria på korleis fordommar blømd i møte med i sær fattige kvinner. Blant dei som fekk såkalla uægte barn, var tenestjentene i stort fleirtal. Arbeidstilhøva gjorde det umogleg for dei å ta seg av sine eigne ungar. Dei aller fleste vart sett bort til framande og leid vondt. Mødrene vart sett på som umoralske. Dei vart straffa, og målet med straffa var å lære dei å bli moralsk høgverdige menneske. Mange av dei vart mordarar. Dei tok, som vi viste ovanfor, livet av sine eigne ungar – i rein naud.

Samfunnet hadde ikkje anna å by dei enn skam og straff. Og kom dei på Fattigkassa, var det ei større skam enn det å vera laus kvinne med uekte barn. I møte med rettsapparatet vart dommarane sine eigne fordommar eksponert. Det handla om kvinneforakt, og forakt for fattigfolk. Korleis var veksttilhøva for verdigheit under slike samfunnsforhold? Vi veit at både Anne og hennar to barn greidde seg svært bra i bygdene dei budde og virka i. Kan det tenkjast at dei var unntak? Er det slik at vi i det moderne samfunnet heldigvis har kvitta oss med slike tilstandar som Anne og Olav måtte leva med?

Vi var nok mange som tenkte at slike fordommar mot (fattige) kvinner høyrer historia til, men Øyrehagen Sunde viste at fordommane blømer, også i dagens samfunn. Han viste til Maria-saka.

Maria-saka 2015

Maria var fire år då ho og mor hennar vart utvist frå Norge. Maria har kenyansk mor, mens ho sjølv er norsk statsborger med norsk pass. Marias biologiske far er norsk, men har sagt frå seg foreldreansvaret og er heilt ute av bildet.

Dette til tross ville staten ved Utlendingsnemnda (UNE) sende henne ut av landet, attende til mora sitt heimland, Kenya. Maria og mor hennar saksøkte UNE på grunn av vedtak om utvisning og avslag på familiegjening. Professor i rettsvitenskap og advokatfullmektig Mads Andenæs representerte familien. Han meinte UNEs vedtak var ugyldige og i strid med både Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) og norsk lov. Han hevda at

- Alle andre norske barn har rett til skole, helsetilbud og utdanning. Hvordan ivaretas Marias rettigheter i disse vedtakene?

- Det er heller ikke foretatt en selvstendig vurdering av Marias situasjon, verken i Kenya eller Norge. Hadde det blitt gjort, så hadde den vist at UNE ikke kunne fatte dette vedtaket.

Ifølgje norsk lov, som på dette området følger EMK, er det ikkje lov for staten å utvise ein av sine eigne statsborgarar. Andenæs hevda at UNE prøver å omgå dette ved å berre utvise mora. I avslagsvedtaket skriv UNE at det beste for Maria vil vera å vekse opp med mor si i Norge, men legg likevel ikkje avgjerande vekt på dette. Den avgjerande vekta vart lagt på det dei kalla «innvandringsregulerende hensyn».

Kva er det som eigentleg ligg i botnen for UNE sine vurderingar her, spurde Øyrehagen Sunde. Kva skjuler seg bak "innvandringsregulerende hensyn"? Han meiner at det som skin igjennom UNE si grunngeving, er fordommar mot fattige kvinner generelt og Marias mor spesielt: Fattige kvinner nyttar eitkvart høve til å handle til sin fordel, som å liggja med norske menn og bli med barn for å skaffe seg opphald i landet. Fattige kvinner er umoralske. Altså det same grunnsynet eller fordommen som Anne og hennar medsøstre vart møtt med på slutten av 1800-talet.

Høgsterett sette foten ned og kjente UNEs vedtak ugyldig. I grunngevinga argumenterer Høgsterett slik:

- Høyesterett mener utvisning vil være uforholdsmessig, og i strid med hensynet til barnets beste. Dommen slår fast at UNEs vedtak er i strid med [artikkel 8](#) i Den europeiske menneskerettskonvensjonen. Utvisning av moren ville medføre at datteren ble avskåret fra den barndommen og oppveksten i Norge som hun ellers – som norsk statsborger – hadde rett til. Høyesterett la også vekt på den vanskelige omsorgssituasjonen i Kenya.

Høgsterett dømde også staten ved UNE til å betala drugt 600.000 kroner i saksomkostningar for sakshandsaminga i alle tre rettsinstanser.

Høgsterett la barnets beste til grunn for dommen. Dette viste at høgsterettsdommarar lar omsynet til barnet vega tyngst. Det syner heilt andre haldningar og eit rettsgrunnlag som er sterkt endra, ikkje minst takka vera Dei Castbergske barnelovene frå 1915, frå slutten av 1800-talet, avslutta professor Jørn Øyrehagen Sunde.

For fattige kvinner kan det røyne på å halde på si verdigheit. Fattigdom er i det heile tatt ein trussel mot verdigheita, men eksemplet med Anne frå slutten av 1800-talet og Marias mor frå 2015 viser at om ein møter fordommar hjå seg sjøl eller andre med

kunnskap og respekt, så styrkjer det verdigheita. Det vi skal lære av dette, er å ta våre egne fordommar fram i lyset, vera ærlege og villige til å endre fordommane i møte med andre menneske, sa professor Jørn Øyrehagen Sunde. På avstand og med ringe eller ingen kunnskap om dei vi møter, blømer fordommane. Ikkje legg skulda på andre, t.d. kyrkja, når fordommane får dominere. Gå inn i deg sjølv! Berre ved å bli kjent med og skaffe seg kunnskap om dei andre kan vi bidra til å byggja ned våre egne fordommar og auke den gjensidige respekten mellom menneska generelt, og respekten for kvinner spesielt.

5. FOREDRAG OM OLAV SLETTA. KULTURKVELD - GOL GYMNAS.

Sander Lilleslett, styrar, Hallingdal folkehøgskole 1971-1986



Sander Lilleslett (1934-1986) var født i Hovet i Hallingdal som eldste son av Johanne og Halvard Lilleslett. Han tok lærarutdanning ved Oslo offentlige lærerskole (1953-57). Før han vart styrar ved Hallingdal Folkehøgskole på Gol (1971-1986), var han m.a. lærar ved folkehøgskolene i Elverum, Follo og Hallingdal. Lilleslett kjente Olav Sletto personleg og hadde god kontakt med han mens han budde på Geilo.

Dette manuset har Olav Sletto-selskapet fått lov å skrive av og bruke i sitt Årshefte 2016 av enka etter Sander Lilleslett, Anna Lilleslett. Ho fann det i sitt private arkiv, inspirert av eit foredrag leiaren i Olav Sletto-selskapet, Eva Almhjell, heldt om mor til Olav Sletto, Anne J. Sletto, i Gol bibliotek 21. mai 2015. Manuset har ikkje vore publisert tidlegare. Olav Sletto-selskapet takkar Anna Lilleslett for lånet, og at vi har fått lov å bruke manuset her.

Det har mange gonger undra meg kvifor det er så få hallingar som har vorte forfattarar. Dersom me fann fram ei litteraturhistorie, eit Norges-kart og ein ask med farga knappenåler og så gav oss til å merke av kvar dei forskjellige forfattarane kom frå, så ville vi få "sjå" fleire merkelege ting:

Den største samlinga ville vi kanskje finne i Vest-Telemark. I øvre Gudbrandsdalen ville det óg vera mange – ein tett liten krull ville det vera like ved svenskegrensa – i Trysil, i Valdres ville vil finne ein del, men i Hallingdal ville det stå berre ei knappenål – og den ville markere Olav Sletto. Hallingdal har fostra svært få skrivande menneske – det er i grunnen underleg når ein veit kor stor breidde det har vore i folkekunsten – gjennom musikk og rosemåling. Men til gjengjeld ruver Sletto nokså høgt – han er på mange måta ein reint uvanleg forfattar, og han var eit sermerkt og umåteleg rikt utrusta menneske.

Han fekk eit langt liv som forfattar: Det gjekk 55 år mellom debutboka hans "Dei gamle" som kom i 1908, og den siste "På alderstun" som han gav ut i 1963. Og i dette tidsrommet gir han ut ikkje mindre enn 44 bøker. Og det var ikkje berre eit veldig omfang i talet på boktitlar, det galdt val av emne og måte å skrive på.

Han starta med ei stillferdig og enkel forteljing som "Dei gamle". Ikkje mindre enn 4 bøker har emne frå norrøn mytologi – det er det store verk om Loke – ei lang rekkje bøker har emne frå bibelsoga og tidleg kyrkjesoge. Han har skrive fleie skodespel, komediar og drama og eit mysteriespel. Han har skrive ein eventyrroman, science

fiction ville me kalle det i dag – lenge før Bing og Bringsværd. Han har skrivne ei forteljing om H. N. Hauge og ei rekkje med halvt sjølvbiografiske bøker – Olverbøkene, og inni mellom gav han ut aforismesamlingar og essays – og han har skrivne filmmanuskript.

Men det som vel blir ståande som hovudverket hans er Per-bøkene og romanrekkja ”Soga om Røgnaldfolket”. I båe desse verka har han funne heimatt til heimbygda si Hol. I Per-bøkene skildrar han sin eigen barndom og oppvekst – og i romanane om Røgnaldfolket, får vi ei breitt opplagd bygde- og menneskeskildring.

Når vi tek unna lyrikken, som Sletto aldri fekk tak på, så har han altså eit svært allsidig forfatterskap og ein veldig produksjon – attåt dei 44 bøkene han gav ut, er det funne manuskript og utkast til ca. 50 bøker til. Han hadde ei arbeidskraft som var einestående: I tillegg til dette reiste han i 7 år som foredragshaldar rundt om i heile landet og frå 1917 til 1941 var han fyrst lærar og seinare styrar i folkehøgskulen.

Olav Sletto var fødd i Hol – i øystre Hol, i krinsen Holet, på ein liten gard som heiter Sletto eller Støssletto. Mor hans hadde tenest i Vestfold og i 1886 kom ho heimatt 19 år gamal og fekk der ein gut som vart døypt Ola – seinare kalla Olav. Ho reiste ut på bygdene att like etterpå, og bortsett frå ei vitjing ho eingong var på i Sletto i barndomen, såg han henne ikkje att før i 1915 då han var 29 år gamal. Faren, Johannes Lundeby frå Sande, som døydde ganske tidleg, kom han aldri til å få sjå (O.S. var altså ikkje son til B.B som det gjekk rykte om heile hans liv!)

Olav vaks opp i Sletto, hjå besteforeldra Birgit og Jens Sletto, som han har sett eit sers fint minne i Per-bøkene. Han fekk ein heller uvanleg barndom – Jens og Birgit skjønnte nok tidleg at det var noko særst med denne guten. Han vart nærmast møtt som ein vaksen både heime og i bygda. Olav fekk stor fridom til å skapa seg sjølv og stelle med sitt. ”Eg var truleg den siste her til lands som fekk vekse heilt fritt. Heilt sjølvstyrd. Frå den tid eg lærde å gå. Barndommen oppgjenom. – Eg drakk regnet og åt solskinet og vaks sytten i veg som det best høvde”. Fridomen vart nytta ikkje minst til lesing. Og han fekk tak i mykje god litteratur – og det var nok ikkje småtterier: Det var hellensk diktning, det var Shakespeare – og i folkeboksamlinga fann han russiske diktarar. ”Kongsemnerne” av Ibsen skreiv han av og lærde utanåt. Frå før hadde han Bibelen heime, den hadde han lese ut då han fylte 11 år. 12 år gamal fekk han Wergelands verk i utval, osv., osv.

Og han møtte eit støtt og godt miljø i ei avstengd bygd – dette var før Bergensbanen kom (1909). Han vart godt kjend med mange særmerkte menneske i grannelaget. Som lærar hadde han S. Reinton som var ein leiar i bygda og ein føregangsmann på så mange område. Han óg skjønnte at denne guten hadde evner utanom det vanlege og hjalpente han mykje på ulikt vis. Han var av dei som har hatt mest å seia for Sletto – dei brevveksla med kvarandre så lenge Reinton levde. Presten Høyer og frua tok seg óg av han, lånte han bøker og las språk med han.

Og han skreiv sjølv – det starta med ei tegneri i 9-års-alderen – snart vart det diktsamling og eit skodespel – av det som finst: (Veslevaksen og Sverre prest).

Og naturen hadde han heile tida tett innpå seg og levde intenst med i den – det er eit uvanleg storslege utsyn frå Sletto – og skogen og fjellet var like innpå med buføring og gjæting og verkeleg nærkontakt med dyr og tre og stein.

Men han var likevel ingen dagdrøymar og einstøing. Han var med i arbeidet (kanskje meir av fri vilje enn av plikt). Då han var konfirmert, vart han ivrig med i ungdomslaget – spela skodespel og skreiv handskrivi blad – og han spelte fele og var ein ivrig dansar.

Men det vara ikkje så lenge før han drog ut. 16 år gamal reiste han til Voss og gjekk på folkehøgskule der hjå Lars Eskeland – eit år som kom til å få mykje å seia for han. Seinare vart det Notodden lærarskule i 3 år med m.a. Severin Eskeland som inspirerande norsklærar. Året etter han var ferdig der, hadde han lærarpost uppi Vats, samstundes som han arbeidde med debutboka "Dei gamle" (som kom ut i 1908). Og den boka fekk strålande omtale. Sjølve B.B. hadde lovord: "Bogen er skreven af en fin hand. Han har skrevet om det han kjender derfor er det hele vejen kjerne og intet tomt skal".

Men dette skal vi legge merke til: *Det skulle gå over 30 år før Sletto fekk verkeleg god kritikk for ei bok* – men det er ei anna tale. Og så bar det ut i den store verden. Fyrst til Oslo, der den sjarmerande og vakre knappekledd fjellguten frå Hallingdal gjekk rett inn i forfattarkrinsar og kunstnarkrinsar – 3 hektiske veker med teater og selskapsliv og samtale med Bjørnson, som synte stor velvilje. Sletto fortel sjølv at han kom m.a. inn på tilhøvet til kvinna.

"Sæt ingen glæde i å være kvindebetvinger. Jeg advarer mot det. De taper i værd det De vinder i erfaring. Og naturer som os, ja, det kommer an på kvinden hvad der skal blive av os".

Frå Oslo bar det til Danmark, der han var ei tid på den kjende Askov folkehøgskule. Han var òg i København, der han fekk møte fleire framståande litteraturfolk, m.a. Helge Rode, og sjølvaste Georg Brandes. Han var òg ein tur i Stockholm og tala med August Strindberg. Og derifrå til Tyskland, saman med Sven Moren, med vitjingar i kunstsamlingar og museum. Han rauk forresten uklar med Sven Moren, og det kom til eit langvarig motsetningsforhold mellom dei, noko som ikkje kom til å bli til føremun for Sletto i tida framover.

Då han kom heimatt i 1909, var det planen at han skulle byrje som lærar på den då nystarta Buskerud folkehøgskule. Men det vart det ikkje noko av i første omgang. Då han var i Danmark, hadde nemleg det skjedd at han vart beden om å reise frå Askov. Styraren på den skulen forklara det slik: "Han reiste herfra fordi jeg bad han derom. Grunden var hans forhold til de unge piger, som han rent du sagt hypnotiserede og kyssede. S. forklarede mig at i Norge var det så almindeligt at unge mænd kyssede nye piger, så han fandt ikke, der var noget deri. Jeg havde en anden mening og forlangte han skulle reise. Vi skiltes meget venskabeligt, men hver om våre ulige synsmåter. Ja, dette er hele sagen."

Det er nok ikkje tvil om at Sletto vart noko urettvist handsama, men dei som sto for Buskerud folkehøgskule fann ut at det var best at han venta eit års tid. Men Sletto ville då sjølv sagt ikkje bli lærar på skulen. Og i staden tok han fatt på den lange

perioden som talar i ungdomslag og folkeakademi. Han var ein heilt uvanleg god talar og trollbatt folk der han kom, hadde ofte overfylte hus. "Hans organ og måte at føre seg på talarstolen på, virker behagelig tiltrekkende, samtidig som dikterisk vidd og humor glimtar under talen", heitte det i ei avis på Sørlandet. Eg har sjølv høyrte fleire foredrag av Sletto – etter at han vart eldre – han var heilt uvanleg fengslende – han hadde dyrka det å tala som kunst.

I desse åra var det òg han stifta familie – vart gift med Karin Bryde frå Sandefjord (dotter til ein skipsreiar). Han hadde møtt henne fyrste gongen på lærarskulen. Ved hjelp av hennar familie bygde dei seg hus i Asker – dei fekk 4 barn. Karin var eit gåverikt menneske som i mangt delte Slettos interesser og ho kom til å bli ei god støtte for han så lenge han levde.

Men dette langvarige reiselivet tok på. Han fekk lite ro til å skrive, og i 1917 vart han likevel tilsett som lærar på Buskerud folkehøgskule. Dermed hadde Sletto teke steget inn i folkehøgskulen og han fekk der ein arbeidsdag som kom til å vara fram til i 1941, då han slutta av helseomsyn. Etter nokre år i Fiskum vart han så styrar på Romerike. Han hadde godt lag med ungdom og var ein dugande skulemann, trass i at han måtte dele tida mellom skulearbeid og skrivning.

Så gjer vi eit langt hopp fram til 1936 – den tida då Sletto fyllte 50 år. Akkurat den dagen byrja han for alvor og sjå attende til heimbygda og barndommen – og smått om senn tok han til å notere det han hugsar, og meir og meir drog det på seg. Eit sterkt tilskuv fekk han då fyrste bindet av "Folk og fortid i Hol" kom i 1938. Til å byrje med hadde han ikkje tenkt å gje ut noko av dette, men stoffet vart meir og meir lovande for han, og frå 1939 til 1942 kom altså Per-bøkene: Per Spegil, Per Sjølv, Per Stavlang og Per Spelemann. Gjennom desse bøkene skildrar han oppveksten til ein vaken og levande gutunge i eit sermerkt bygdemiljø øvst i Hallingdal. Det er djuptgåande psykologi, fine naturskildringar, kulturhistorie av fyrste rang og bøkene glitrar av humor og glede over alle dei merkelege og fine menneska han skildrar.

Dette vart Slettos verkelege gjennombrøt som forfattar – og mottakinga var svært positiv. Ein så nøktern og sakleg kritikar som Anton Beinset skreiv dette om dei:

"Det er dikteren – seeren og fortelleren som er ute, mo alene og suveren. Det viser seg at Olav Sletto oppfyller forventningene fra debuttiden, og vel så det, som Olav Duun gjorde det. En dikter har vært i åndelig landflyktighet og er kommet hjem igjen. Men hans utvikling har gått sin gang ved Babylons floder, han har vokst til det fullkomne og store.

Det er skrevet en masse bøker om barn. Men jeg kjenner ikke noen litteratur der det er gjort på denne måten og gjort så godt, med en slik intuitiv klarhet, med en slik doggfrisk selvopplevdhet og med slik rikdom av iakttagelser og sansinger og det i en så høy kunstnerisk form som hos Olav Sletto ... Olav Slettos bøker om Per vil fortelle mer om det norske folk og hvorledes det er blitt som det er, enn mange og lange vitenskapelige verker. Jeg tror neppe at noe land kan oppvise maken i sin litteratur... En finner stadig nye skjønnhetsinntrykk, og en vender gjerne tilbake til dem. Olav Sletto viser seg i dette verket som en stor dikter." (Sitat gitt att i Lars Reintons artikkel om Olav Sletto i "Ei bok om Olav Sletto", s. 95).

Eg vil føye til at den som vil gjera seg kjent med forfattarskapen til Sletto, bør starte nettopp her, og den som vil setja seg inn i korleis menneska levde og tenkte i Hallingdal i eldre tid, kan ikkje få nokon betre læremeister enn Sletto i desse bøkene.

Arbeidet med Per-bøkene gav meirsmak, og i 1943 kom fyrste bindet av "Soga om Røgnaldfolket". Det vart til heile 5 store romanar: Under solhov, Ættbunden, Jordfast, Fyrste glimt og Dag. Den siste kom i 1950.

I det ytre er dette soga om kunstnarpresten Lars Silju, som kom til Hol og gifte seg med ei bygdejente og gjekk inn i slekta og bygda sitt liv. Samstundes er det ei brei skildring av ei bygd i ei brytningstid, der den nye tida strøymar på, med jernbanen og alt det andre nye. I det indre står konflikten mellom kunstnaren og presten Silju sentralt – det er sikkert mykje av Slettos eigne konflikter som her kjem til uttrykk. Kritikarane var denne gongen også positive. Alf Larsen kalla bøkene eit storverk i moderne norsk litteratur.

I den siste perioden av sitt liv kom Sletto attende til heimtraktene. Han overtok huset etter mor si på Geilo i 1946, og då han og kona vart dårlegare med helsa, flytta dei inn på bygdaheimen på Geilo, der han døydde i 1963.

Sletto fann seg godt til rette på Geilo. Han var stendig i arbeid med skrivning. Olverbøkene – ein slags sjølvbiografi på 5 bøker, gav han ut her. Her vil han m.a. forklare si eiga utvikling som diktar og vise kven han var. Kontakten med bygdefolket var den aller beste. Han kjende seg heime, folk sette stor pris på han – han vart mykje brukt som talar – og Hol kommune gav han til og med æresløn.

Eg nemnde innleiingsvis at Sletto var ein uvanleg forfattar, og uvanleg var han ikkje minst i det at han måtte føre ein svært lang og beisk strid før han vart verdsett som fortent.

Litteraturkritikarane roste debutboka hans opp i skyene, men så var det jamt slutt. Han kom etterkvart meir og meir i motsetning til dei som skreiv om bøkene hans. Dette hadde mange årsakar. Den viktigaste var kanskje at Sletto hadde eit syn på diktinga som låg heilt på tvers av det som var det vanlege. Han gjekk imot å skulle gi såkalla realistiske skildringar av livet som det verkeleg var. Han hadde eit idealistisk syn på diktinga, og hadde klare mål for diktinga si. Han seier det slik: "Me vil påverke sjelene, me vil fülle hugane med syner, aning, tru, reinleik, glede. Vekkje lengsel i menneski. Me vil verke inn på lesarens viljeliv og soleis vera med når han byggjer sin karakter. Vera med han til det gode. ..." (Lars Reinton i "Ei bok om Olav Sletto" s. 76).

Og han veik ikkje av vegen for å belære sine forfattarkolleagaer om kva som var høgverdig dikting. Han sto også i det ytre fram som dikteren – med stor silkesløyfe i halsen, fløyelsjakkje og vid hatt – og han kunne verke nokså overlegen – dette til stor irritasjon. Alle bøkene hans med historisk-religiøst innhald gjorde ikkje saka betre – dei vart reine utfordringa til Oslo-kritikken, som etterkvart vart meir og meir drepande. Han fekk ikkje stipend – og vart etterkvart meir og meir isolert, og med vilje oversett. Men han nekta blankt å bøye av og innrette seg etter det synet som rådde.

Mykje av det som vart skrivi om forfattarskapen hans var høgst urettferdig, og han hadde fortent betre handsaming, men han var altså ikkje heilt utan skuld sjølv. Også etter krigen tok det lang tid før han vart verdsett etter fortjeneste - når det galdt stipend og liknande. Olav Sletto hadde langt frå nazistiske sympatiar. Det er heva over all tvil! Men han var uklok nok til å ta imot forfattarløn under krigen, og derfor vart han utestengd frå forfatterforeininga eit par år. Og han kom til å få lide mykje for dette i tida framover.

Dette misforståtte synet på diktinga slo også ut på ein annan måte: Dei fleste av dei som skreiv litteraturhistorie, skjønte lite og ingenting av kva han verkeleg sto for – og dei utelet han heilt eller skreiv lite og misvisande.

Men Sletto fekk likevel den glede å få full oppreising med han levde. Han fekk oppleva at Stortinget i 1959 ga han Statens kunstnarløn – og seinare etter at han var død har det skjedd stor forandring i synet på Sletto. Den siste store norske litteraturhistorie, som kom ut på Cappelen i 1975, har gitt Sletto etter måten stor plass og den verdsetjinga som han fortener.

Hans nære ven gjennom heile livet, Lars Reinton, sonen til læraren til Sletto – og forfattar av Holsbøkene, er den som har gjort mest til å syne oss Sletto som han verkeleg var. Han har gitt ut "Ei bok om Olav Sletto", som inneheld ein fin biografi, og ei rekkje skjønnsame artiklar om ulike sider av diktinga hans – alle skrivi av fagfolk.

Her er det no nok av stoff å ta fatt på for alle som ynskjer å gjera seg betre kjent med Hallingdal sin eigen diktar. Og han er faktisk ein diktar som den dag i dag har mykje å gi!

Lykke til!

6. Dette er Olav Sletto-selskapet

Olav Sletto-selskapet er eit landsfemnande selskap av einskildpersonar, organisasjonar, skular, verksemder, institusjonar, kommunar og fylkeskommunar. Selskapet er ein sjølvstendig juridisk person, skipa 3.mars 2001 i Hol.

Føremålet med selskapet er å styrke interessa for Olav Sletto sitt forfattarskap. Dette kan gjerast mellom anna ved:

- å sjå til at Olav Sletto sine bøker vert gjort tilgjengeleg for ålmenta
- å leggja til rette for auka bruk av Olav Sletto sin litteratur i skuleverket
- å medverka til at lydopptak med Olav Sletto vert teke vare på og nytta
- å arbeida for at det blir gjeve ut publikasjonar om kunstnaren og hans produksjon
- å arrangera foredrag, seminar, kurs og ekskursjonar m.v.
- å ta vare på og utvikla Sletto-samlinga i Holet bibliotek
- å leggja til rette for systematisering og forskning med grunnlag i Olav Sletto sine etterlatne manuskript, brev m.v.

Årsmøte i Olav Sletto-selskapet 2014 ga dertil si støtte til å få fram kvinnene i Olav Slettos liv og dikting.



Ida



Amund